



Breim Kraft AS
v/ Per Jonny Moldestad
6827 Breim

Postadresse: Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA,
Boks 185, 6801 FØRDE
Kontoradresse: Hafstadgården 48, FØRDE
Telefon: 57 72 32 80
Telefax: 57 72 32 88
Føretaksregisteret: 989 050 605
Bankgiro: 3700.05.12916
Dykkar ref.:
Vår ref.:

Dato: 30.06.2009

Etablering av kraftverk og nasjonal satsing på turistfiske i Storelva og Breimsvatnet

Vi viser til planane om det største grunneigareigde kraftverket i landet som er under planlegging i Storelva i Breim. I planane er det tenkt utbygging med tunnel forbi elveosen, slik at berre minstevassføringa på 4 kubikkmeter i sekundet vil gå ut i den. Vi har merknader til dette som vi ber dykk ta om syn til i det vidare planarbeidet.

I mai 2008 kom Breimsvatnet med som ein av fire pilotar i Landbruks- og Matdepartementet si 5 årige satsing på turistfiske i innland. Eigarane av prosjektet i dette fylket er Sogn og Fjordane Skogeigarlag og /– Bondelag. Dei andre pilotane er Osen Vestre Hyen vassdraget, store delar av Gaularvassdraget og Jølstravatnet. Det er inngått forplikande samarbeidsavtale med grunneigar-/elveigarlaga i dei ulike områda. I Breim er det inngått samarbeidsavtale med Breim Vilt- og Fiskelag. Det er også inngått samarbeid med Fellesorganisasjonen for Funksjonshemma i fylket som m.a. skal vere rådgjevarar når det gjeld tilrettelegging av fiskeplassar for funksjonshemma grupper og kvalitetssikring av desse.

I tillegg til Landbruks- og Matdepartementet er prosjektet finansiert gjennom program for Opplevingsnæringar gjennom Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Noreg. Også dei ulike grunn- og elveigarlaga er med å finansiere prosjektet både økonomisk og med betydeleg arbeidsinnsats.

Pilotområda er naturleg valde fordi dei stettar kriteria med at:

- Alle områda har ein god kvalitet på auren både i vatn og utløpselvane til vatna både når det gjeld storleik på fisken og mengde.
- Lett tilgjengeleg for alle målgrupper – også dei funksjonshemma.
- God infrastruktur både når det gjeld etablerte overnattings- og aktivitetstilbod elles.
- Stort engasjement lokalt blant grunneigarar og reiselivsaktørar.

På landsbasis er det 55 storaurelokaltetar i Noreg, og Breimsvatnet har ein av fem lokalitetar av storaure i Sogn og Fjordane. Dette er også eit element som gjorde at Breimsvatnet vart løfta fram som eit av satsingsområda.

Marknaden for fiske er aukande både hos sportsfiskarar og familiefiskarar i inn- og utland, men utfordringa i dag er ei fragmentert og ustrukturert organisering m.a. når det gjeld pakking, marknadsføring og sal av opplevingsbasert fiske. Gjennom prosjektet skal vi kople saman fleire turisttilbod mot definerte målgrupper og segment samt marknadsføre turistfiske i Breim offensivt både nasjonalt og internasjonalt.

Målet med program for innlandsfiske er:

Gjennom ei auka satsing på fiske i ferskvatn i Sogn og Fjordane og eit forpliktande samarbeid mellom ulike aktørar, skal vi i prosjektperioden utvikle 25 lønsame turistfiskeprodukt med ein årleg omsetnad på 3 millionar kroner ved prosjektslutt. Dei valde områda skal verte lettare tilgjengeleg og endå meir attraktivt for fleire målgrupper både nasjonalt og internasjonalt.

Prosjektet er kome svært godt i gang. Hausten 2008 var representantar frå Gloppen kommune, grunneigarar ved m.a. garden Seime, Norsk Fjordhestgard, dagleg leiar og styreformann frå Fellesorganisasjonen for Funksjonshemma samt prosjektleiing på synfaring i område Breim kyrkje, småbåthamna, Reed Camping og Fritid, elveosen frå Seime bru og garden Seime for å peike ut aktuell lokalitet for fiskeplass med fiskebrygge, gapahuk, bål plass, rastebord og informasjonstavler. Det har seinare vore møte med grunneigar Kjell Reed og Inge Johnsen som eig og driv Reed Camping og Fritid. Alle er svært positive til prosjektet. Planen er at fiskeplassen også skal vere tilpassa funksjonshemma grupper. Område frå Seime bru og elveosen vart naturleg peika ut som det mest aktuelle område. Det ligg også i planen å rydde vegetasjon langs vegen frå elveosen og opp til Seime bru i tillegg til å legge eit fastare dekke på vegen, slik at det er muleg å kome fram med rullestol. I tillegg til at dette området fyller alle kriterium når det gjeld fiske, er også staden svært godt egna for å gje funksjonshemma grupper eit totaltilbod med både overnatting på Reed Camping og Fritid, badebasseng samt nærleik til Norsk Fjordhestgard som har tilrettelagt ridetilbod også for funksjonshemma grupper.

Vi er no i gang med prosjekteringsarbeidet av dette område. M.a. har vi leigd inn landskapsarkitekt for å lage skisse på korleis området kan utviklast i tråd med tiltaka. I tillegg skal dei fysiske tiltaka kostnadsreknast. Planen er at prosjekteringsarbeidet og søknadar om finansiering av gjennomføring skal vere klart til søknadsfristane for spelemidler m.m. oktober 2009. Arbeidet er ei langsiktig satsing, der det totalt sett handlar om investeringar for fleire hundre tusen kroner. Samtidig forventar vi at verdiskaping årleg skal verte minst like stor.

At utbygginga av kraftverket vil påverke vasstanden i elvestrekninga Seime bru og elveosen og følgjeleil vil kunne skade dei økologiske og biologiske forholda for auren i elva, ved utløpet og innsjøareala rundt, medfører at føresetnadene for å prioritere satsing i dette området vert totalt endra. Arbeidet vårt i dette området vert truleg stoppa, noko som vil vere svært uheldig for pilotprosjektet vårt generelt, der eit breitt samarbeid med mange aktørar har mulegheiter for å utvikle flotte område for innlandsfiske, men også for næringsutvikling når det gjeld turistfiske langs Breimsvatnet spesielt.

Då det er stor uvissheit knytt til effektane av kraftutbygginga for elva og vassdraget elles, ber vi om at dei økologiske og biologiske konsekvensane for utbygging som omfattar elveosen vert grundig utgreia. For at vi skal få den nødvendige framdrifta i vårt prosjekt, meiner vi at det beste alternativet likevel, er eit alternativ med å korte ned tunnelen, slik at vatnet vert ført inn att i elva utanfor osen.

Vi ønskjer dykk lukke til med realiseringa av kraftverket utanfor natur- og rekreasjonsområdet elveosen av Storelva.

Med helsing
Kompetansesenter Småskala Reiseliv



Gunn Aase Moldestad
- prosjektleiar -

Tlf. 57 72 32 83/Mob.: 481 44 518
E-post: gunn.moldestad@ferda.no /Web: www.ferda.no